



Arnt Landsvik
Strandgaten 234
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2823 - 22/96343

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
19.12.2022

Oversender klager til uttale - nabo og tiltakshavar - gbnr 351/1 Landsvik

Tiltak: Dispensasjon - veg
Byggjestad: Gbnr: 351/1
Tiltakshavar: Hege Landsvik
Ansvarleg søkjar: Gripsgård Bygg AS

Alver kommune har i vedtak av 25.07.2022 gitt avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og plan- og bygningslova (pbl.) §29-4 for etablering av veg, jf. pbl. §19-2. Det var i same vedtak gjeve avslag på søknad om etablering av veg, jf. pbl. §§ 20-1 og 20-3.

Dette vedtaket vart påklaga av tiltakshavar, Hege Landsvik, i skriv av 11.08.2022.

Klagen på avslaget frå tiltakshavar vart tatt delvis til følge i vedtak av 06.09.2022 med tittelen «Behandling av klage – Dispensasjon § 29-4 – gbnr 351/1 Landsvik». Alver kommune gav her tiltakshavar dispensasjon frå avstandskrav i pbl. §29-4 for etablering av veg. Klagen på avslaget på dispensasjon frå LNF-føremålet vart ikkje handsama, men opplyst at denne skal handsamast i politisk utval. Klagen på avslaget på søknaden om etablering av veg, jf. pbl. §§ 20-1 og 20-3, vart ei heller handsama då denne krev dispensasjon frå LNF-føremålet i tillegg til dispensasjon frå pbl. §29-4.

Nr 1. Klage frå tiltakshavar, Hege Landsvik:

Det ligg føre klage frå tiltakshavar, Hege Landsvik, i skriv av 11.08.2022 på vedtaket om avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet, jf. pbl. §19-2 samt avslag på søknad om etablering av veg, jf. pbl. §§ 20-1 og 20-3. Denne klagen vert oversendt nabo, Arnt Landsvik, som hadde nabomerknad til søknaden, til uttale, jf. forvaltningsloven § 16 tredje ledd. Frist for uttale frå nabo vert sett til 02.01.2023 for å rekke skrivefrist i saka.

Frist for innsending av uttale frå nabo, Arnt Landsvik, til klagen frå tiltakshavar, Hege Landsvik, på vedtaket om avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet samt for etablering av veg etter pbl. §§ 20-1 og 20-3 er 02.01.2023.

Nr 2. Klage frå nabo, Arnt Landsvik:

Det ligg føre klage frå nabo, Arnt Landsvik, på vedtaket om å ta klagen på avslaget delvis til følgje i vedtak med tittelen «Behandling av klage – Dispensasjon § 29-4 – gbnr 351/1 Landsvik. Alver kommune gav tiltakshavar dispensasjon frå avstandskrav i pbl. §29-4 for etablering av veg. Denne klagen vert oversendt tiltakshavar til uttale, jf. forvaltningsloven § 16 tredje ledd. Frist for uttale frå tiltakshavar, Hege Landsvik, vert sett til 02.01.2023 for å rekke skrivefrist i saka.

Frist for innsending av uttale frå tiltakshavar, Hege Arnt Landsvik, til klagen frå nabo, Arnt Landsvik, på vedtaket om dispensasjon frå avstandskrav i pbl. §29-4 for etablering av veg er 02.01.2023.

Vidare saksgang

Klagen på avslaget frå tiltakshavararar vart tatt delvis til følgje i vedtak med tittelen «Behandling av klage – Dispensasjon § 29-4 – gbnr 351/1 Landsvik. Alver kommune gav tiltakshavar dispensasjon frå avstandskrav i pbl. §29-4 for etablering av veg i vedtak med tittelen «Behandling av klage – Dispensasjon § 29-4 – gbnr 351/1 Landsvik. Klagen på avslag på dispensasjon frå LNF-føremålet vart ikkje handsama, men opplyst at denne skal handsamast i politisk utval. Klagen på avslaget på søknaden om etablering av veg, jf. pbl. §§ 20-1 og 20-3 vart ei heller handsama då denne krev dispensasjon frå LNF-føremålet i tillegg til dispensasjon frå pbl. §29-4. Dersom APM utvalet vel å gje dispensasjon frå avstandskrav i pbl. §29-4 og dispensasjon frå LNF-føremålet, jf. pbl. §19-2, så vil utvalet også ta stilling til om det skal gis løyve til etablering av veg, jf. pbl. §§ 20-1 og 20-3.

Klagene kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33. Dersom administrasjonen opprettheldt vedtaket, vert klagen handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM). Møtet vert halde på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvassnesvegen 40, 5914 Isdalstø. Møtet vert streama på Alver kommune TV. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside, sjå [her](#).

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthaldt av Utval for areal, plan og miljø, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Klagene er planlagt handsama i møte for **APM den 18.01.2023**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på dispensasjonsvedtak - gbnr 351/1 Landsvik
Klage på dispensasjonsvedtak - gbnr 351/1 Landsvik
Behandling av klage - Dispensasjon § 29-4- veg - gbnr 351/1 Landsvik
Klage på avslag på søknad om dispensasjon – veg – gbnr 351/1 Landsvik
klage på avslag.pdf
Avslag på søknad om dispensasjon og byggetiltak - veg - gbnr 351/1 Landsvik

Vedlegg:

Situasjonsplan_D-1.pdf
Situasjonsplan_D-2.pdf
Tegning NyttSnitt_D-2.pdf
Tegning NyttSnitt_E-1
Tegning Nytt Snitt_E-2
Gjennomføringsplan

Kopi til:

Arnt Landsvik	Strandgaten 234	5004	BERGEN
Gripsgård Bygg AS	Rosslandsvegen 364A	5918	FREKHAUG
Hege Landsvik	ØVRE LYNGBØ 35	5164	LAKSEVÅG

Mottakrar:

Arnt Landsvik	Strandgaten 234	5004	BERGEN
Gripsgård Bygg AS	Rosslandsvegen 364A	5918	FREKHAUG
Hege Landsvik	ØVRE LYNGBØ 35	5164	LAKSEVÅG